



## **ORIENTERING TIL ALLE MEDLEMMER TRIO VOLLEYBALL- SESONGEN 2017/2018**

Styret i Volleyballgruppa ønsker å komme med litt informasjon til alle spelarar om sesongen 2017/2018.

### **Styret IL Trio Volleyball 2017**

Einar Opdal	(Leiar)	Tlf. 99 16 97 38	einar.opdal@kvinnherad.kommune.no
Cathrine Skogseth	(Nestleiar)	Tlf. 48 16 08 02	cathrineskogseth@hotmail.com
Javier Araya	(Regnskap)	Tlf. 97 18 63 79	javier@sumarum.no
Gry Solheim		Tlf. 99 64 01 35	gry-solheim@hotmail.com
Sille Tars		Tlf. 90 40 13 75	sille.tars@gmail.com
Frode Dale		Tlf. 90 50 52 55	frode.dale@knett.no
Robert Haugland		Tlf. 95 13 82 11	robert.haugland@knett.no

### **Kva lag har me i TRIO denne sesongen?**

<b>Damer 2. div</b> Trener: Stian Petterson og Åge Vik Oppmann: Malin Tungesvik	<b>U17 Jenter/ 4.divisjon</b> Trener Sille Tars og Javier Araya
<b>U17 Jenter</b> Trener: Sille Tars	<b>U17 Gutar</b> Trener: Gro Rusten Saghaug
<b>U13 Jenter</b> Trener: Weronika	<b>U15 Gutar</b> Trener: Javier Araya

Me i styret ynskjer at alle lag skal ha ein oppmann. For dei aldersbestemte laga vil dette vere ein av dei føresette. Dersom det skulle vera informasjon frå styret eller informasjon om kampar og liknande er det greitt å ha ein kontaktperson.

### **Treningsavgift / Medlemsavgift/ Lisens**

#### **Trenaravgift:**

200 kr pr. person for spelarar over 17år.

100 kr pr. person for spelarar under 17 år.

#### **Medlemsavgift til IL Trio:**

Born t.o.m. det året dei fyller 16 år: kr. 200,-

Aktive vaksne f.o.m. det året dei fyller 17 år: kr 400,- .

(dersom du har betalt denne gjennom t.d. fotball treng du ikkje betale den ein gong til)

#### **Lisens:**

Over 17 år: 840 kr pr person (pluss : 890 kr. pr. person)

13-16 år: 665 kr pr person (pluss : 715 kr. pr. person)

Under 13 år: 340 kr pr person (pluss : 390 kr. pr. person)

### ***Online betaling via [www.Minidrett.no](http://www.Minidrett.no)***

Når dette er betalt blir det utlevert medlemskort. Når du har dette medlemskortet kan du nytta deg av rabattane som ein kan få på MX Sport Husnes. ☺

## Dugnad

Det blir forventa at alle spelarar/føresette bidreg med noko dugnadsinnsats for volleyballgruppa. Trio volleyballgruppa har ein avtale med Husneshallen i forhold til hallvakter tre gonger i veka. Dette er som oftast i treningstidene til eit eller fleire av laga. Alle blir sett opp på dugnadsliste og alle som ikkje har vore i hallen på tilsynsvakt vil få nødvendig informasjon/opplæring. Dersom de ikkje kan den dagen de er sett opp vil me at de byter med nokon som er sett opp på ei liknande vakt.

I utgangspunktet ynskjer me at kvar spelar/føresett kan bidra med følgjande;

HAUST 2017 : tilsynsvakt iht. eiga liste

VÅR 2018 : tilsynsvakt iht. eiga liste

+ evt. anna dugnad etter behov

## Økonomiske vilkår

IL Trio dekkar i hovedsak følgjande kostnader for spelarar/lag i gruppa :

- Halleige
- Alle påmeldingsavgifter til åpningsturnering, rankingturneringar, seriekampar
- Reisekostnader til åpningsturnering, rankingturneringar og seriekampar, men det er ein eigenandel på alle reiser (sjå eige avsnitt)
- Speletrakter
- Dommarhonorar på heimekampar

Dersom lag ønsker økonomisk støtte til aktivitetar utenom dei som er spesifisert ovanfor ber vi om at det vert retta ein forespørsel til styret i kvart enkelt tilfelle.

## Eigenandeler på reiser

Følgjande eigenandeler gjeld på reiser i regi av Volleyballgruppa for sesongen 2017-2018

- Reise uten overnatting (bil, båt, buss eller liknande) : NOK 100 pr. person
- Reise med overnatting (bil, båt, buss eller liknande) : NOK 200 pr. person
- Reise med overnatting (reise med fly) : NOK 400 pr. person

Vi forsøker å reise så rimelig som mulig. Dersom det er spørsmål om kva hotell osv. som kan nyttast, ta kontakt med leiar eller nestleiar i styret.

For bruk av eigen bil dekkar Volleyballgruppa kr. 4,00 pr. km + kr. 0,50 pr. passasjer

Reiserekning kan leverast til Javier Araya på epost eller på annan måte. Som hovedregel forsøker vi å betale ut reiserekningar innan 1 veke etter at den er mottatt.

## Serierundar for yngre lag 2017-2018

Årets sesong er framleis under planlegging og all informasjon er ikkje tilgjengeleg no

Hald deg oppdatert på kretsen sine heimesider.

Til kampar i yngre serierundane håpar vi at foreldre kan køyra. I utgangspunktet vil alle desse serierundane vera dagsturar i Hordaland.

## Informasjon frå Hordaland volleyballkrets

Informasjon om kampar, kampoppsett, tabellar og liknande kan de finna på denne nettsida;

Hordaland Volleyball Krets heimeside:

<https://volleyball.klubb.nif.no/regionhordaland/Sider/Hjem.aspx>

Trio Volleyball heimeside:

<http://il-trio.no/no/sider/Volleyball/>

## Aktuelle linker:

Tabell og kampoppsett 2. div damer

[https://www.profixio.com/fx/serieoppsett.php?t=NVBF\\_SERIE\\_AVD8399&k=LS8399&p=1](https://www.profixio.com/fx/serieoppsett.php?t=NVBF_SERIE_AVD8399&k=LS8399&p=1)

Håpar alle lag og spelarar vil få ein flott volleyballsesong! Lukke til ☺

Beste helsing

IL Trio Volleyball

Styret